

# Årsmelding

2017



Gjesdal sokn

## Saksliste

### 1. Konstituering

Ordstyrar:

- Forslag: Svein Ingve Nødland

Referent:

- Forslag: Tone Middelthon

### 2. Val av to personar til å signere protokoll

- Forslag til vedtak:

### 3. Årsmelding 2017

- Årsmeldinga vert teken til orientering.

### 4. Rekneskap 2017

- Rekneskapen vert teken til orientering.

### 5. Eventuelt

# ÅRSMELDING FOR GJESDAL SOKNERÅD 2017

Gjesdal sokneråd har hatt desse medlemmane i år:

Svein Ingve Nødland, leiar  
Olga Slettebø Gilje, nestleiar  
Torgeir Lima  
Frank Sivertsen  
Berit Sola Gilje, kasserar  
Heidi Bollestad  
Bjarte Hetlebakke, sokneprest  
Olav Vegard Søyland, 1. vara (permisjon)  
Inger Bjelland, 2. vara

Tone Middelthon er dagleg leiar.

Til Gjesdal kyrkjelege fellesråd møter:

Torgeir Lima  
Olav Vegard Søyland (permisjon)  
Heidi Bollestad 1. vara  
Frank Sivertsen 2. vara  
Bjarte Hetlebakke 3. vara

Soknerådet har hatt 9 møter og handsama 42 saker, mellom anna desse:

- Økonomi og gjevarteneste til trusopplæringa
- Strategiplanarbeid
- Arrangement i soknet
- Gudstenesteplan og offerplan
- Samhandling med fellesrådet
- Nytt misjonsprosjekt i Estland
- Innspel til fellesrådet sitt budsjett
- Godkjenning av diakoniplan
- Høring om utnemning av biskopar
- Besøk av ny biskop
- Arbeid med emnar frå kurset Fokus – muligheiter i lokalmenigheten
- Søndagsskulesatsing i Oltedal
- Milliongåve til Gjesdal kyrkje
- Besøk frå staben
- Visjon for Gjesdal sokn

## TRUSOPPLÆRING

Det er stadig større interesse for, og kunnskap om, trusopplæringstiltaka, og tilbakemeldingane er gode. Barna lærer om trua, dei får oppleve godt fellesskap og kjenne at dei høyrer til i kyrkja, og samtidig legg me vekt på at barna er verdifulle i seg sjølv og kan bety noko for andre menneske.

Suksesstiltaket Plan tok vi med oss vidare frå i fjor. 3.påskedag i 2017 var det diverre berre Dirdal skule som hadde plandag, men me kjørte i gong likevel 28 barn frå 1. til 4.klasse med mange ulike aktiviteter ein heil dag. Frå kl.8 til 15. Det er spesielt kjekt å få være med på eit tiltak som foreldre og barn er så takknemlege for. Barna er deler av dagen saman, delt inn i aldersgrupper og i ulike aktivitetsgrupper. Påskebodskapen om at Jesus døydde og stod opp er sentral i undervisninga. Vi avslutta med ei lita gudsteneste der barna deltek aktivt.

### «Sprell-levende»gudsteneste med utdeling av 4-årsbok

I forbindelse med utdeling av 4-årsbok inviterte me i november til «Sprell levande»gudsteneste med ei samling ein time i forkant. På samlinga er 4-åringane med på ein kyrkjevandring som endar opp i søndagsskulerommet der me leikar, syng og teiknar.

Ei «Sprell levande»gudsteneste er eit konsept utforma av Søndagsskolen Norge. Det er ein familiegudsteneste der søndagsskulen tas med inn i gudstenesta. Vi brukar fleire av søndagsskulens element, i staden for tradisjonell liturgi. Samlingsbøn, tenning av ljøs, truvedkjenning og velsigning. Formålet er at barna skal kjenne eigarskap til gudstenesta og kyrkja. Det er og viktig at foreldre og dei andre i kyrkjelyden kjenner til noko av det vi driv på med i søndagsskulen.

Me har framleis som tanke at me i Gjesdal driv med bygging av merkevare, og spesielt med tanke på trusopplæringstiltaka våre. Me ynskjer å kunne tilby god kvalitet, framfor kvantitet. Vi ynskjer å stolt kunne invitere til dei ulike tiltaka, og det er me.

Gjennom året har me sendt invitasjon til desse tiltaka:

0 år: Dåpssamtalar

2 år: Skattekistesamling i Oltedal kyrkje

4 år: Utdeling av 4-årsbok med samling før, og under gudstenesta

5 år: Hausttakkefest i Gjesdal kyrkje

6-10 år: PLAN B i Oltedal kyrkje

7 år: Utdeling av 6-årsbok med samling under gudstenesta

3. kl.: Tårnagentsamling, samarbeid med Ålgård i Oltedal kyrkje

5. kl.: 11-årsweekend samarbeid med Ålgård på Vier

5. og 6. kl.: Det har ikkje vert invitert til Lys vaken i 2017. Me slår saman to årskull og arrangerer Lys Vaken anna kvart år.

9 kl.: Konfirmantar

## Søndagsskolen i Oltedal

Me har ope i søndagsskolerommet i Oltedal kyrkje anna kvar søndag frå 11.00 til 12.00, med ei felles samling frå 11.15-11.45. Dette har me gjort for at foreldre som ikkje går i gudstenesta sjølv, kan komme rett til søndagsskolen. Barn som er med i søndagsskulen blir fylgde ned av ein vaksen før preika i kyrkja. Me har tru på faste veker og tidspunkt på søndagsskulen, kan gjere det lettare for foreldra å ta med barna til kyrkja.

Me har sidan hausten 2015 vore innmelde i Søndagsskulen Norge og abonnerar på deira pedagogiske opplegg som heiter «Sprell levande». Dette opplev vi som eit veldig sterkt, godt og variert opplegg. Vi har i Oltedal søndagsskole satt opp nokon faste punkter vi bruker kvar samling, men det er gode rom for at me som leiarar er ulike i måten me jobbar og undervisar på.

Leiare i søndagsskolen er Jostein Berre, Astrid H. Hetlebakke, Olga S. Gilje og Kristine H. Gilje.

Desse sat i trusopplæringsutvalet for soknet i 2016:

Kristine Hiim Gilje, trusopplærar

Olga Slettebø Gilje, representant for soknerådet

Leif Nyborg, kateket

Tone Middelthon, trusopplæringsleiar





## KONFIRMANTARBEID

Kullet 2017-18 er på 17 konfirmantar. God gjeng med leiarar som er motivert for dette arbeidet. Undervisninga går på rundgang – me følgjer i hovudska «Alphakurs-for ungdom» med eigen lokal vri. Evaluering undervegs, ca 2-3 planleggingsmøter pr periode. Nytt av året 2017 var bli-kjend tur til Uburhedlaren i oppstartinga.



## GUDSTENESTEARBEID

Det skal haldast ei gudstenest ei kvar kyrkje pr mnd. Dette har i ein del år vore omrokkert slik at Oltedal har fått annakvar søndag. Me går litt tilbake frå dette i 2017, men har innført fast søndagsskule annakvar søndag – uavhengig av kvar det er gudsteneste.

I fastetida haldt me møter i Frafjord og Maudal – 1 menneske møtte på sistnemnde stad, det var eit godt møte.

Hausten hadde me 4 temagudstenester om reformasjonen.

*Luther jubileet i Gjesdal sokn 2017*

*I. Gjesdal kyrkje 27. august. Tema: «Nåde over nåde» - Galatarbrevet 1-2. Gjest: Ordførar Frode Fjeldsbø i samtale med soknepresten om reformasjonens betydning for samfunnet, og skiljet mellom stat-kyrkje.*

II. Oltedal kyrkje 17. sept. (konfirmantpresentasjon) Tema: «Guds barn» - Gal 3-4. Inger Bjelland var gjest fokus på konfirmasjon gjennom dei siste 500 åra.

III. Dirdal kyrkje 15. okt Tema: «Nåde og bot» - Jakobs brev, preike og samtale med Dag Øyvind Østereng, nykonvertert katolikk.

IV. Gjesdal kyrkje 19. november. Tema: «Livet i Anden» - Gal 5-6. Preike og samtale med baptistpastor Magnar Mæland om forholdet mellom Luther og baptistane, samt den heilage ande og einskap i kyrkja. (utklipp frå soknerådsinnkalling;)

Hausten er nok beste tid for å ha temagudstenester fordi det er lettare å planlegge på sikt – våren kjem gjerne litt brått og uventa på.

Samarbeid med bedehusa er godt. I 2017 slo me saman gudstenestei Dirdal/møte på Gilja og hadde dette i Dirdal kyrkje. Me held god kontakt med bedehusa og har eit godt og likeverdig forhold til desse.

Nytt av året var også: helgemesse laurdag ettermiddag i Dirdal – fungerte godt med open kyrkje og kort minnesandakt med opplesing av namn.

Kveldsgudsteneste i Brekko med mykje song/musikkgruppe frå Undheim, va 42 tilstades og god stemning der.



## DIAKONI


Diakoniutvalet er felles for Gjesdal og Ålgård sokn. Med utgangspunkt i diakoniplanen for 2017-2019 har utvalet arbeidd for å styrka den diakonale tenesta. På grunn av at dei to sokna er ganske ulike, møtest medlemmane frå Gjesdal og Ålgård kvar for seg nokre gonger i året i såkalla arbeidsgrupper.

- Utvalet arrangerar eldrefest der alle over 70 år i kommunen blir inviterte. Annakvart år arrangerast festen på Bygdahuset og i kafeen i Ålgård kyrkje. I 2017 var det 113 deltakarar og 15 gode hjelparar som sørge for ein flott fest.
- Arbeidsgruppa til Gjesdal bidrog med kyrjekaffi under hausttakkefesten i Gjesdal kyrkje i oktober. Dette er eit tiltak i trusopplæringa for 5-åringar, der og bygdekvinnene var med og pynta.
- Diakonitvalet ønskjer å halda ein årleg konsert eller temakveld om diakoni. I 2017 jobba utvalet med ein temakveld der helsepersonell i Gjesdal kommune var spesielt inviterte. Denne fant stad i Oltedal kyrkje i november, med tittelen «Eg og døden». Det var 45 personer til stades på temakvelden, med gode tilbakemeldingar!
- Sokneprest Hetlebakke og diakon hadde undervisning om åndeleg omsorg på eit personalmøte på Åboas. Dette er eit viktig ledd i samhandlinga mellom kyrkje og helsesektoren i kommunen. Vi håpar at dette arbeidet blir vidareført i 2018 på Solåsheimen og i heimetenesta.
- Allehelgen/helgemesse: Helgeaften var det open kyrkje og minneandakt i Dirdal kyrkje. Allehelgensdag var det gudsteneste i Gjesdal kyrkje, der vi mintest dei døde (også dei som var blitt gravlagd frå Oltedal kyrkje).
- Fleire frivillige går på besøk med blomhelsingar til dei i kyrkjelydane som fyller 80, 85, 90 og for kvart år etter 90. Det er totalt 6 personar med i denne tenesta, og i 2017 var det 39 personar i Gjesdal sokn som fekk blomhelsing.
- Pårørande etter dødsfall blir følgde opp av diakon eller frivillig ei stund etter gravferda. Det blir gitt tilbod om å vere med i ei sorggruppe, som er felles for Sandnes, Jæren og Dalane prosti. Frå Gjesdal og Ålgård er det er fire frivillige leiarar av sorggrupper. I 2017 vart ei sorgguppe halde på Ålgård.
- Stasjonsklubb Ungdom, som er eit tilbod lagt til rette for ungdom med særskilde behov, møtest annankvar veke på Ålgård. Det har kome til nye medlemmar frå andre kommunar, og det er no 20 ungdommar som er med i klubben. Saman med mange vaksne leiarar er dette eit fellesskap som det er godt å vere i. Nokre av deltakarane er frå Gjesdal sokn.
- Ei gruppe som ønskjer å starte opp besøksteneste møttest to gonger i haust. 5-6 frivillige, soknepresten og diakonen vil arbeide for å styrkje denne diakonale tenesta vidare.

I 2017 har desse vore medlemmar i diakoniutvalet frå Gjesdal sokn: Bjørg Oftedal (nestleiar), Pauline Gilje, Berit Sola Gilje, Inger Gjesdal og diakon Tonje Vilberg Bjerkreim.



## MUSIKK



Den kyrkjemusikalske verksemda er knytta til gudstenester, gravferd og vigsler.

Det vart arrangert hAllsang i Dirdalshallen 5. november.

Musikkandakten Julesong vart arrangert i Brekko kapell 3. desember, 1. søndag i advent

## STRATEGIARBEID

Soknerådet har vedteke handlingplan for 2018 (sjå vedlegg) samt strategi for Gjesdal sokn:

# Følg meg!

*Me vil følgja Jesus ved å:*

- Vera eit **ope** og gjestfritt fellesskap, ein stad å høyre til.
- Dela ei **tydeleg** og trygg tru på Jesus til barn, unge og vaksne – gjennom trusopplæring, gudstenester og misjon.
- vera eit **tenande** fellesskap som bryr seg om andre.



## Rekneskap

Økonomistyringa er god. Det er eit positivt resultat på 39.000 NOK for 2017. Vi har i følgje rekneskapen fått inn 54.000 mindre enn budsjettert når det gjeld fast givarteneste. Korrigerer ein for periodiseringar held givartenesta seg stabil i reelle tal på rett over 100.000. Den budsjetterte målsettinga ligg på 150.000. Over tid må me ha så høgt beløp for å dekke utgiftene til trusopplæring. Ofringar til andre ligg jamført med tidlegare år relativt stabilt på 83.000.. Ofringar til andre ligg jamført med tidlegare år relativt stabilt på 83.000.

## Statistikk

Oppgang i gudstenestedtaking og nattverd i Dirdal og Oltedal. Synkende dåpstall.

*Svein Ingve Nødland* (sign)  
- soknerådsleiar -

*Bjarte Hetlebakke*  
- sokneprest -

|                             |                                                     | 2017 | 2017 |
|-----------------------------|-----------------------------------------------------|------|------|
| Funksjon: 1000 Sokneråd     |                                                     |      |      |
| 1100                        | Kontorrekvisita                                     | 11   | 0    |
| 1110                        | Div materiell knyttet til gudstjeneste/menighetsarb | 12   | 12   |
| 1112                        | Bibler og undervisningsmateriell                    | 6    | 1    |
| 1116                        | Dåpsmateriell, 4-årsbok                             | 0    | 5    |
| 1117                        | Matvare/bevertning                                  | 12   | 10   |
| 1120                        | Andre utgifter                                      | 5    | 10   |
| 1122                        | Arrangementer                                       | 61   | 5    |
| 1123                        | Barne- og ungdomsarbeid                             | 42   | 0    |
| 1130                        | Porto/bankgebyr                                     | 2    | 3    |
| 1140                        | Annonser                                            | 9    | 0    |
| 1150                        | Opplæring, kurs                                     | 3    | 0    |
| 1200                        | Inventar og utstyr                                  | 0    | 20   |
| 1340                        | Refusjon til fellesråd                              | 162  | 150  |
| 1470                        | Tilskudd/gaver til andre                            | 4    | 5    |
| 1580                        | Regnskapsmessig mindreforbruk                       | 39   | 0    |
| 1590                        | Avskrivinger                                        | 4    | 0    |
| Sum utgifter                |                                                     | 372  | 221  |
| 1611                        | Betaling fra deltakere week-end m.m.                | -15  | 0    |
| 1612                        | Kontingent, inntekt                                 | -29  | 0    |
| 1620                        | Salg i forbindelse med arrangement                  | -2   | 0    |
| 1740                        | Refusjon fra fellesråd                              | -61  | 0    |
| 1830                        | Tilskudd fra kommunen/kommunale institusjoner       | -3   | 0    |
| 1840                        | Tilskudd fra fellesrådet                            | -24  | -20  |
| 1860                        | Offer innsamlet til egen virksomhet                 | -71  | -70  |
| 1862                        | Fast givertjeneste                                  | -96  | -150 |
| 1863                        | Annen givertjeneste                                 | -1   | 0    |
| 1870                        | Tilskudd/gaver fra andre                            | -61  | 0    |
| 1900                        | Renteinntekter                                      | -3   | -1   |
| 1990                        | Motpost avskrivinger                                | -4   | 0    |
| Sum inntekter               |                                                     | -370 | -241 |
| Sum funksjon: 1000 Sokneråd |                                                     | 2    | -20  |

|                          |                                                            |     |     |
|--------------------------|------------------------------------------------------------|-----|-----|
| Funksjon: 2000 Offer     |                                                            |     |     |
| 1465                     | Overføring av ofringer/innsamlede midler til andre         | 83  | 80  |
|                          | Sum utgifter                                               | 83  | 80  |
| 1865                     | Offer/innsamlet til annen virksomhet (til viderefordeling) | -83 | -80 |
|                          | Sum inntekter                                              | -83 | -80 |
| Sum funksjon: 2000 Offer |                                                            | 0   | 0   |

| Funksjon: 8000 Ungdomsarbeid     |                                                     |     |     |
|----------------------------------|-----------------------------------------------------|-----|-----|
| 1110                             | Div materiell knyttet til gudstjeneste/menighetsarb | 7   | 0   |
| 1120                             | Andre utgifter                                      | 0   | 0   |
| 1123                             | Barne- og ungdomsarbeid                             | 1   | 34  |
| 1170                             | Reiseutgifter                                       | 0   | 8   |
| Sum utgifter                     |                                                     | 8   | 42  |
| 1610                             | Betaling fra deltakere                              | 0   | -22 |
| 1611                             | Betaling fra deltakere week-end m.m.                | -2  | 0   |
| 1850                             | Tilskudd fra menighetsråd                           | -4  | 0   |
| 1860                             | Offer innsamlet til egen virksomhet                 | -3  | 0   |
| 1870                             | Tilskudd/gaver fra andre                            | -1  | 0   |
| Sum inntekter                    |                                                     | -10 | -22 |
| Sum funksjon: 8000 Ungdomsarbeid |                                                     | -2  | 20  |
| TOTALT                           |                                                     | 0   | 0   |